

Referat FAU-møte, Bryne skule, 12. april 2021

Tid: Måndag 12. april 2021, kl. 20.00-21.00

Stad: Digitalt møte på Zoom

Tilstade: Heidi Barvik, Fredrik Undheim, Ole Wiig, Synnøve Serigstad, Sigve Berland, Ragnhild Otto, Linn Iren Nilsen Oppedal, Stig Jespersen

Protoll:

12/21 Korona-situasjonen ved skulen

Rektor informerer. Ein elev vart smitta i påsken. Ingen andre påviste tilfeller blant elevane. Nokre elevar og lærarar er i karantene/ventekarantene.

13/21 Info frå rektor

Ledige stellingar ved skulen vart besett før påske. Planlegginga for neste skuleår er i gang. Skulane i Time skal organiserast på ein ny måte frå hausten. Inspektørar og ass.rektor vert avdelingsleiarar med personalansvar for dei som høyrer til på avdelinga. Avdelingsleiar vil ha ansvar for elevsaker og oppfølging av desse.

14/21 17.mai-feiringa

Ragnhild informerer. To elevar frå 7. trinn ved skulen skal holde tale i det offisielle programmet. Dette skal gjerast opptak av og formidlas digitalt. 17.-komiteen foreslår eit tog ved kvar skule, dersom myndighetene opnar for tog. Aktivitetar og anna opplegg på barneskulane utgår.

FAU sponsar med is og pølse dersom skulen ynskjer å arrangere ei «mini-feiring» for elevane i forkant av nasjonaldagen.

15/21 Symjetest

Fleire foreldre stiller spørsmål med enkelte av krava i symjetesten som utføres i Time kommune. Enkelte av krava er ikkje i tråd med kunnskapsmålet i symjefaget og tek motivasjonen frå mange elevar. FAU er einige i at testen bør endras og vil forfatte eit brev angående dette og sende til skuleleiinga i Time kommune.

16/21 Eventuelt

Rektor informerer om at elevrådet har laga ein video som oppfordrer foreldre til å bruke drop-sonen ved Kiwi når dei køyrer borna til skulen. Videoen er delt på fleire kanalar.

Neste FAU-møte blir 10. mai kl. 20.00